

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 55/2025

2025/EØS/38/13

av 14. mars 2025

**om endring av vedlegg II (Tekniske forskrifter, standardar,
prøving og sertifisering) og vedlegg IV (Energi) til EØS-avtala**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Delegert kommisjonsforordning (EU) 2023/1669 av 16. juni 2023 om utfylling av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/1369 med omsyn til energimerking av smart-telefonar og nettbrett⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg II og IV til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg II kapittel IV, etter nr. 4za (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2018), skal nytt nummer lyde:

”4zb. **32023 R 1669**: Delegert kommisjonsforordning (EU) 2023/1669 av 16. juni 2023 om utfylling av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/1369 med omsyn til energimerking av smart-telefonar og nettbrett (EUT L 214 av 31.8.2023, s. 9).”

Artikkel 2

I vedlegg IV til EØS-avtala, etter nr. 11za (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2018), skal nytt nummer lyde:

”11zb. **32023 R 1669**: Delegert kommisjonsforordning (EU) 2023/1669 av 16. juni 2023 om utfylling av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/1369 med omsyn til energimerking av smart-telefonar og nettbrett (EUT L 214 av 31.8.2023, s. 9)⁽¹⁾

(1) Oppført her bare for informasjonsformål – for anvendelsen, se vedlegg II om tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering.”

Artikkel 3

Teksta til delegert forordning (EU) 2023/1669 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 4

Denne avgjerda tek til å gjelde 15. mars 2025, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

⁽¹⁾ TEU L 214 av 31.8.2023, s. 9.

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 5

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 14. mars 2025.

For EØS-komiteen

Nicolas von Lingen

Formann